

Sparebankbygget er eit signalbygg

Eg vil starte med å takke Hareid kulturlag for framlegg til plassering av kulturhus og løysinga med å skape noko nytt kring sparebankbygget. Det er som dei skriv i saka til kommunestyremøtet torsdag – eit signalbygg i sentrum! Men det er visst ikkje alle som er samde i ei slik satsing. Der var jo motstand til dømes mot helsehus, kyrkjelydshus og fotballhall også, men kultur- og konferansehuset har vi venta på lenger enn både hallen og mykje anna. Behovet er kanskje tydelegast gjennom hareidstemnevekene, Opplev Hareid, jubileumsarrangementa og dei største konsertane. No synest eg ikkje dei fantastiske arrangementa til våre største band, kor og korps skal måtte snuble i volleyballnetta på veg opp på scena lenger. Vi ser behovet kvar einaste dag også i dei *små* forholda. Med litt kreativitet kan huset gje rom til dei born og ungdomar som fell utanfor eller ikkje vert integrert på andre måtar. Litt mening og rollemodellar til villkattane, som Birdie Pirat seier det i sin siste EP. Saman med eit aktivt næringsliv kan her skje noko spennande.

Kva brukar dei signalbygga til?

Derfor vil eg peike på nettopp dette *signalbygget*. Kva hender med desse sparebankbygga som står så flotte rundt om i landet? Også kraftлага bygde slike signalbygg, slik som i Stryn der grynderkontor, turistinformasjonen og Visit Nordfjord har lokaler og tek i mot heile verda. Eller ute i Nordfjord der Gamlebanken frå 1881 no står der som nettopp eit kulturhus. Inkubatorar, skaparhus og HoppID er der også døme på mange stader utan at kommunen vert økonomisk belasta. I Volda har dei fått sjølvskapte Bjørn Dæhlie med på ei millionsatsing på gamle DH som no vert om til Nasjonalt Innovasjonssenter sentralt ved høgskulen og Campus Arena med sine kontor-, kurs- og konferansetilbod. Dit skal Sunnmøre Kulturnæringshage som har 68 (!) bedriffter tilknytt seg. Dei dekkjer eit behov som *knutepunkt* langt utover det som ein tenker på som tradisjonelle kunst- og kulturskuletilbod i kommunal regi i dag. Medan vi er utanfor boksen kunne kunst- og kulturskulen kanskje romme både det eine og andre i ei sparebankbygg-avdeling i sentrum. Kunst- og kulturskulen er dessutan finansiert mykje godt av eigenbetaling – så de skal ikkje sjå vekk frå at dei kan opne eit tilbod berre nok elevar melder seg og der finst lærarkrefter. Samarbeid læring – næring-prosjektet kunne verkeleg blomstre med eit slikt utgangspunkt.

Etter oppstartsmøtet i vinter og deretter informasjonsmøtet på biblioteket – har det nyskipa kulturlaget kome med eit spennande framlegg som vi no alle saman kan ta i mot med opne armar og fylle med gode idear. Her er det berre å melde seg på, nytte fantasien og finna dei gode løysingane. Dette kan verte eit *knutepunkt* der folk samlast og den lenge planlagde parken i sentrum endeleg kan kome til sin rett.

*Kristian Fuglseth
Folkelista for Hareid kommune*